

MINNETALE
INGFRID LILLIAN SERIGSTAD
GRAVFERD 14. juni 2022

Margunn Serigstad Dahle (M) og Tone Lise Serigstad Reilstad (TL)

(M)

“Nå er det juni og heggeduft”, heiter det i eit dikt av Nordahl Grieg.
Juni – vår kjære mor sin månad!

Ho vart fødd 1. juni 1937 heime på Gobakken nær Bryne, gifta seg med sin kjære Martin 27. juni 1959 og døydde trygg i trua på Jesus kun fire dagar etter at ho fylte 85 år - på pinsedagen i eiga stove, eit par steinkast frå Gobakken, fredfullt med oss næreste rundt seg.

Men fødselen var det lite fred rundt! Det kunne gått gale både for mor og mormor, og denne dramatikken gav mor ein djup takknemlighet for livet, både til Gud og til mora. Ja, så seint som nå på 85-årsdagen sin bad mor Tone Lise setje blomar på mormor si grav, i takknemlighet.

Ingfrid Lillian, oppkalt etter Ingebret og Lovise. Dei tenkte nok at mor var den sjette og siste, men det kom fem barn til på Gobakken...! Som midt i flokken på 11 fekk mor vera nær, både dei eldre og dei yngre søskena, noko ho alltid snakka varmt om.

Mykje liv og røre, lått og løye på Gobakken i oppveksten, mykje å henge fingrane i både ute og inne – og mor både såg og møtte behova frå tidlege barneår.

Arbeidssam og ansvarsfull, engasjert og omsorgsfull. Mor såg dei rundt seg, til siste stund! Det glitrande blikket og varme smilet var der då folk kom til sjukesenga, og ho hadde umiddelbart noko å seie inn i deira livssituasjon.

Eit herleg humør, ein smittande lått, eit livleg temperament - og utprega sosial! I fellesskapet henta ho energi – og i trua på Jesus henta ho kraft. Konfirmasjonen her vart svært avgjerande for mor, og Saron vart ein base for å vekse i trua.

(TL)

“Det glitrer blankt i et sykkelstyre” - slik byrjar diktet Margunn siterte frå, og som den lyrikk-glade mor kjende godt.

Og det glitra ofte blankt i mor sitt sykkelstyre gjennom livet, ja, mest til siste slutt! Det var faktisk då ho måtte av sykkelen på runden sin før påske, at ho forstod at noko måtte vere heilt gale i kroppen. Og ho, som ein nabo så treffande kalte “Den syngande syklist”, sa også få dagar før ho døydde, at nå har sangfuglen stilna.

Sangen, ja, som mor sikkert kunne ha teke utdanning i om forholda låg til rette. Men, åh, kor ho gledde mange med sangen gjennom livet – i musikkklag, duett og ulike songgrupper. Sjølv fekk eg synge duett med mor mange stader rundt på Jæren. Rike minne!

Ja, mor kunne teke utdanning i så mangt, så glad ho var i skulen og så rike evner ho hadde. Men det måtte stanse med framhaldsskule, handelsskule og eit vårkurs på Solborg, så ho gledde seg stort over at me fekk den utdanninga me ønska!

For henne åpna dørene seg fort til arbeidslivet – og gjennom åra fekk fleire glede av å ha ei dyktig, serviceinnstilt Ingfrid i staben. Ho jobba lengst på daglegvarebutikk hjå Eide'n, men også i fleire år på kontor hos Tegle Maskin før ho avrunda som kontorfullmektig på Bryneheimen.

Men det var altså hjå Eide'n, blant lukt av nybakt brød og varer av ulike slag, at blikket til den 18 år gamle Ingfrid møtte Martin sitt - denne flotte kollegaen frå Serigst'. Johs Eide sa stolt på sine eldre dagar: "Dei to fann kvarandre hos meg":)

(M)

Det gjorde dei – og i slutten av denne månaden er det faktisk 63 år sidan bryllaupet stod. Kistepynten frå far er inspirert av brudebuketten – i takknemlighet.

«Me var spinngalne, me va jo så unge!», sa mor mange gonger. Men kjærleiken hadde dei, og trua! «Hitinntil Herren har hjulpet så vel» vart sungen i vielsen, og har fylgt dei heile samlivet.

For ein rikdom å få ha kvarandre i mest 63 år! Far kan ikkje takke nok – og det kan ikkje me heller.

Dei fekk ikkje lang tid berre dei to, det skal seiast. Eg kom i august 1960, og fire år etter fekk far «tidenes fødselsdagsgåve» då Tone Lise vart fødd.

Året før stod huset ferdig på nabogarden til Gobakken. Ein gjestfri heim, alltid ei åpen dør, alltid god mat. Rause, inkluderande mor – i tospenn med far! Ein rollemodell på så mange vis. Ho løfta den andre, gjekk "den andre mil" når det trondgst, var aldri seg sjølv nok - noko også hybelbuarane klart merka seg! Bare les kommentarar på minnesida.

«Eg er berre meg», sa mor så ofte. Det var hemmeligheten! Ei varmhjarta kvinne med integritet, ho levde som ho lærte! Jordnær, ho viste at trua på Jesus gjeld alle sider ved livet! Og ho omfavna verkeleg livet!

Så allsidig og klok! Appetitt på kunnskap. Levande interessert i alt muleg! Måtte fylgje med – så radioen surra ofte i to – tre rom samstundes. Ringde oss for å høyre om me hadde fått med oss «det og det», og var klar for ein samtale. Ikkje minst, ho fylgde med i våre gleder og utfordringar.

Nettopp derfor var også arbeidet til Damaris Norge så viktig for henne. Me må få hjelp til å vurdere det me ser på fjernsyn, i film og media med Jesus sitt blikk. Få hjelp til å bli trygge i trua, for evangeliet om Jesus er truverdig, midt i mangfaldet rundt oss. Det er oppgåva til Damaris, minte ho oss ofte på – og bad for oss.

(TL)

Bønn, ja. Mor var eit inderleg bønnemenneske. Bad dagleg for "slekta på begge sider frå dei yngste til dei eldste", for misjonærane, dei forfulgte, misjonsarbeidet i Norge...

Misjon og avholdssak stod mor sitt hjarta nær. Ho begynte i misjonsforeining då ho var 15 år. Ei misjonskvinne i det nære – og i bøn og givarteneste for dei langt borte.

Så var det ei stor glede for mor å få sjå at barnebarna går i dei same spora, på sin måte. Og me ser at mor verkeleg har sett spor i dei! I Ingveig, det eldste barnebarnet som kom i 1999, og i Odd Martin og Erik som fulgte på. Dei fekk eit nært og inderleg godt forhold til den gavmilde og livsglade mormora på Bryne. Ho var alltid levande interessert i alt dei tok seg føre og gav dei god niste på livsveien, på mange område, også når det gjeld familierøter.

Mor var eit levande slektsleksikon og var svært stolt over alle som ho var i slekt med, både her på Jæren og i Fana/ Bergen/ Tysnes! Ho gleda seg alltid over å få treffa slekta og ho var verkeleg i sitt ess då ho fekk feriera på den flotte familiehytta på Tysnes.

Ho skulle ha feira 85-årsdagen der, men realisten mor sa i midten av mai at "Nå har eg nok hatt min siste tur til Tysnes". Like realistisk då ho forstod at det gjekk mot slutten av livet her. Ho såg legen i augo og sa: «Eg er reiseklar»; ho spurde Lars om han kunne tale i begravelsen, og meg om eg trudde at ungdommane vil syngja ein sang. «Berre viss dei klarer, altså!», la ho omsorgsfullt til.

Eit av dei siste songversa mor var med på, var Fager kveldsol smiler. Ho var så glad i solnedgangen. "Nytt maleri i kveld også" sa ho ofte!

Så fekk me køyre kista til bårehuset på Orre i ein nydeleg solnedgang 1. pinsedag, på kyrkja sin fødselsdag! Og mor, ho hadde fått flytta heim til der Jesus sjølv er sola!

(M & TL)

Me lyser fred over mor sitt lyse og gode minne!